

KLUBBHANDBOK FOR FUSA KARATEKLUBB



Innhald

Innleiing	3
Informasjon om Fusa Karateklubb	4
Visjon, verdigrunnlag og hovudmål.....	5
Organisasjonsplan	6
Medlemskap.....	111
Aktivitetstilbod i idrettslaget.....	1212
Klubbdrift.....	13
Sikkerheitsarbeid (HMS).....	144
Årshjul.....	155

Innleiing

Klubbhandboka skal svare på dei viktigaste spørsmåla om idrettslaget og gjere det enkelt å finne ut kva som gjeld internt. Den skal sikre at det er kontinuitet i det som blir bestemt og gjort.

Klubbhandboka er laga av styret etter innspel frå komitear, utval, trenarar, utøvarar og foreldre i idrettslaget. Handboka er eit arbeidsverktøy for alle medlemar, utøvarar, foreldre, styret, komitear, utval, tilsette, trenarar og dommarar i idrettslaget vårt.

Handboka skal nyttast til å forstå og kommunisere kva som er viktig i vårt idrettslag, kva idrettslag vi er, kva vi skal oppnå, kva vi tilbyr, og korleis vi gjer ting.

Informasjon om Fusa Karateklubb

Grunnlagsopplysningar for idrettslaget

Namn: Fusa Karateklubb

Stifta: 1.februar 2001

Idrett: Shotokan karate

E-postadresse: styret@fusakarateklubb.com

Internettadresse: www.fusakarateklubb.com

Bankkonto: 3530.20.78775 Sparebanken Vest

Organisasjonsnummer: 995578581

Teken opp som medlem i Norges idrettsforbund (NIF)

Registrert tilknytning til Vestland Idrettskrins

Registrert tilknytning til Bjørnafjorden idrettsråd

Registrert tilknytning til Norges kampsportforbund

Registrert tilknytning til Japan karate assosiation Norway, JKAN

Historikk

Fusa Karateklubb vart oppretta i 1999. Det heile starta med ein idé hos ein tilsett på Frank Mohn Fusa AS. Ein hadde eit ynskje om å lage til et treningsopplegg for tilsette ved bedrifta. Klubben sitt namn var Framo Karateklubb. Våren 2001, vart klubben offisielt medlem av Norges idrettsforbund og fekk sitt noverande namn. Tanken om å gjere Shotokan karate tilgjengeleg for alle i Fusa slo rot.

Eirik Nordbø, som på den tida, trena aktivt i Bjørgvin Karateklubb, tok på seg oppgåva å vere trener for klubben. Eirik var hovedinstruktør for klubben fram til 27.september 2019. Då tok Raymond Horne over stafettpinnen, og er framleis klubben sin hovedinstruktør.

Klubben tilbyr karatetrening for folk frå 6-99 år. I tillegg til eit breiddetilbod, har klubben også markert seg på Landslaget heilt frå klubben fekk sine fyrste Dan-graderte og fram til i dag.

Visjon, verdigrunnlag og hovudmål

Visjon

Me har ikkje etablert ein eigen visjon, men støtter oss på NIFs visjon:

«Idrett for alle»

Verdigrunnlaget

Fusa Karateklubb baserer sin aktivitet på felles vedtekne aktivitetsverdiar for norsk idrett: Idrettsglede, fellesskap, helse og ærlighet.

Idrettslaget vårt blir drive etter idretten sine organisasjonsverdiar: Frivillig innsats, demokrati, lojalitet og likeverd.

Ut frå fellesverdiane i norsk idrett, har Fusa Karateklubb tydeleggjort kva som skal prege oss og idrettslaget vårt. Verdiane beskriv korleis vi er og korleis vi vil bli.

Verdiane skal hjelpe oss til:

- å skape eit godt klubbmiljø, der vi tek godt vare på kvarandre
- å skape gode haldningar, som fører til eit godt treningsklima
- å vere eit idrettslag som er kjent for godt samarbeid og god oppførsel
- å framstå slik idrettslaget ønskjer i alle samanhengar
- å bli tydelege, få fram det som skil oss frå andre, og klargjere vår spesielle identitet

Hovudmål

Fusa Karateklubb skal vere hovudaktør for utvikling av karate i Fusa og omegn, gjennom samarbeid med JKA Norway og tilhøyrande JKA klubber i Norge.

Fusa Karateklubb skal legge til rette for et sosialt aktivt miljø, der fellesskap og trivsel utviklast gjennom trening.


Klubben skal være eit talerør for å fremme idrett, og støtte aktivt opp om arbeid i regi av Fusa idrettsråd.

Klubben skal utvikle høflege karateutøvere, og tilretteleggje både for mosjonistar og konkurranseutøvere.

Organisasjonsplan

Organisasjonsplanen skal vedtakast på årsmøtet, og innehalde eit organisasjonskart og ei beskriving av ansvaret og dei viktigaste oppgåvene som gjeld for ulike funksjonar i idrettslaget.

Organisasjonskart



Kjønnsfordeling: «I styre, råd og utval skal begge kjønn vere representert. Det skal vere minst 2 representantar frå kvart kjønn i styret, råd, utval med meir enn 3 medlemar.» Jf. idrettslaget si lov § 5.

Årsmøtet

Årsmøtet er idrettslaget si høgste mynde og blir halde kvart år i <månad>. Årsmøtet sine oppgåver er nærmare beskrive i idrettslaget si lov. Der går det òg fram korleis årsmøtet skal kallast inn. For å ha stemmerett og vere valbar må eit medlem ha fylt 15 år, vore medlem i idrettslaget i minst éin månad og ha betalt kontingent. Årsmøtet legg grunnlaget for idrettslaget si verksemd og styret sitt arbeid. Alle som ønskjer å vere med på å bestemme kva idrettslaget skal gjere og korleis det skal drivast, bør delta på årsmøtet. Protokollen frå årsmøtet bør leggest ut på idrettslaget si heimeside.

Les meir:

[Lovnorm for idrettslag](#), om årsmøtet i § 13, 14, 15, 16 og 17

[Sjekkliste for årsmøtet](#)

Sakliste til årsmøtet, sjå § 15 i lovnorma

Styret

Styret er idrettslaget si høgste mynde mellom årsmøta. Nokon saker kan ikkje styrehandsamast, men må handsamast av årsmøtet. Det gjeld saker som går fram av «Årsmøtet sine oppgåver» (§ 15), og saker som er av ekstraordinær karakter eller vesentleg omfang i høve til idrettslaget si storleik og verksemd. Dersom styret er i tvil, bør saken opp på årsmøtet.

Lovpålagte oppgåver for styret:

- Sette i verk årsmøtet og overordna organisasjonsledd sitt regelverk og vedtak
- Sjå til at idrettslaget sine midlar vert brukt og forvalta på ein forsiktig måte i samsvar med dei vedtaka som er fatta på årsmøtet eller i overordna organisasjonsledd, og sørge for at idrettslaget har ein tilfredsstillande organisering av rekneskaps- og budsjettfunksjonen og har forsvarleg økonomistyring
- Etter behov oppnemne komitéar, utval eller personar for spesielle oppgåver og utarbeide mandat/instruks for deira funksjon
- Representere idrettslaget utad.
- Oppnemne ansvarleg for politiattestordninga
- Oppnemne ein ansvarleg for barneidretten

Andre viktige oppgåver:

- Planlegge og ivareta laget si totale drift, her under mål- og strategiarbeid, budsjett og rekneskap
- Sørge for at idretten sine retningslinjer for aktiviteten i idrettslaget blir følgt
- Stå for idrettslaget si daglege leiing
- Arbeidsgivaransvar for eventuelle tilsette
- Legge fram innstilling til årsmøtet på kandidatar til valkomité
- Oppnemne to personar som i fellesskap skal disponere idrettslaget sin konti, og sørge for at dei er dekkja av underslagsforsikring
- Lage årsrapport frå styret til årsmøtet
- Oppdatering av klubbhandboka

Oppgåver knytt til verv i styret:

Leiar

- Mål- og strategiarbeidet i idrettslaget
- Er idrettslaget sitt ansikt utetter og idrettslaget sin representant i møter og forhandlingar
- Står for idrettslaget si daglege leiing, og koordinerer styret sitt og idrettslaget sin totale aktivitet
- Innkallar til styremøte, førebur saker og leiar møta
- Samordna rapportering (idrettsregistreringa og søknad om momskompensasjon)

Nestleiar

- Er stadfortredar for leiaren
- Elles definerte oppgåver, på same måte som eit ordinært styremedlem

Kasserer:

- Betale fakturaer og følgje opp innbetalingar
- Utarbeide rekneskap og få det revidert av revisorar før årsmøtet
- Lage forslag til budsjett før årsmøtet

Andre oppgåver som fordelast mellom styret sine medlemar

- Føre protokoll frå alle styremøte og referat frå medlemsmøte
- Ta seg av inngåande og utgåande post, og eventuell arkivering
- Lage møteplan saman med heile styret og distribuere den til alle styremedlemar
- Lage oversikt over idrettslaget sine tillitsvalte

Styremedlemene kan veljast til spesifikke oppgåver som kasserar eller sekretær på årsmøtet, eller styret kan sjølv fordele oppgåvene. Fordelinga av oppgåver bør beskrivast, slik at folk ser kven dei skal kontakte i ulike saker.

Styret sitt arbeid

Styret er vedtaksført når eit fleirtal av styret sine medlemar er til stade. Vedtak fattast med fleirtal av dei gitte stemmene. Ved likt stemmetal er møteleiaren si stemme avgjerande. Styremedlemene pliktar å respektere eit styrevedtak, sjølv om det er fatta mot vedkomandes eiga stemme.

Styremøte kan haldast per e-post eller per telefon, sjå lovnorm § 10. Det skal alltid førast protokoll frå styremøta.

Kvart styremøte bør innleiingsvis starte med spørsmål om det føreligg mogleg inhabilitet i nokon av sakene, og handsaminga av inhabilitet skal alltid protokollerast. Om inhabilitet, sjå lovnorm § 9.

Les meir:

[Mal for innkalling til styremøte](#)

[Mal for protokoll frå styremøte](#)

Hovedinstruktør

- har ansvar for dagleg drift av klubben
- har ansvar for utdanninga av karateutøvere i samarbeid med JKA
- har ansvar for å følge opp instruktører
- har ansvar for kompetansebygging
- har ansvar for treningstider og tidspunkt for gradering.
- Kontakt med hovedinstruktør i JKA

Utval og støttefunksjonar:

Mandat og oppgåver for utval/komitear som er lovpålagte, går fram av idrettslaget si lov. Det gjeld valkomité og valt revisor (ev. kontrollkomité der det er eit krav).

Revisor skal vurdere om årsrekneskapen er utarbeida og fastsett i samsvar med [NIF sine rekneskaps- og revisjonsbestemmelser](#), og om styre har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapen i samsvar med desse reglane.

Alle idrettslag som har årleg omsetnad over 5 millionar kroner, skal følgje [rekneskapslova](#) og [bokføringslova](#), engasjere statsautorisert eller registrert revisor, følgje [revisorlova](#) og velje ein kontrollkomité.

Valkomiteen har ei viktig rolle for å sikre drift av idrettslaget gjennom å finne personar med rett kompetanse til styret.

Valkomiteen pliktar:

- å diskutere med styret om moglege endringar i styret si samansetning
- å halde seg informert om, og diskutere med, medlemmane om ulike kandidatar for styreoppdrag, og såleis få greie på om ønska personar har kunnskap, tid og interesse for oppdraget
- før årsmøtet, på det tidspunkt vedtektene bestemmer, levere skriftleg forslag på kandidatar som skal leggest fram på årsmøtet
- under årsmøtet presentere valkomiteen sitt forslag

For dei styreoppnemnte utvala bør ansvar og hovudoppgåver for utvala beskrivast av styret sjølv når styret vedtek å opprette utvala. Slik blir det lett å finne ut kva dei tillitsvalte i komitear og utval kan og skal gjere. Beskriving bør innehalde korleis utvalet/komiteen er bygd opp, og kva mandat og kva oppgåver utvalet/komiteen har.

Foreldrerepresentant

- ha et ansvar for klubbens arrangementet og tiltak for medlemmer
- få tak i foreldre til dugnader
- ansvar for oppsett av badevaktliste
- avhalde foreldremøte
- bindeledd mellom foreldre og styret/hovedinstruktør
- ivareta foreldra sine interesser overfor styret
- deltar som observatør på styremøte

Webmaster:

- Oppdatere heimesida med informasjon
- Sikre at e-post routing frå klubben sine e-postadresser fungerer

Passansvarleg:

- Opprette pass i henhold til medlemslister
- Bestille og lime inn lisensmerker
- Finne fram pass etter lister for påmelding før konkurranser, gradering og gasshuku
- Skrive ut diplomer og graderingslapper før gradering
- Sitte i sekretariatet på graderingsdagen
- Sende inn graderingsskjema til JKAN
- Bestille kyu-merker og diplomer
- Lime inn graderingsmerker etter gradering

Konkurransansvarleg:

- Ta imot påmelding til gasshuku og konkurranser
- Sende påmelding til arrangørklubb med kopi til kasserer og passansvarleg
- Sjekke trekningslister og sjå at alle som har meldt seg på er på lista
- Vere lagleiar, eller utpeike ein annan til oppgåva.

Medlemskap

Medlemskap i Fusa Karateklubb er først gyldig og reknast frå den dag kontingent er betalt.

For å ha stemmerett og vere valbar må eit medlem ha vore tilslutta Fusa Karateklubb i minst 1 månad, ha betalt kontingent og vere fylt 15 år.

Medlemskontingent

Medlemskontingenten vert fastsett av årsmøtet og administrerast gjennom Idrettens medlemsystem, IMS. Kontingenten skal betalast for kvart enkelt medlem. Idrettslaget kan vedta ulike typar kontingentar, til dømes for barn, ungdom og vaksne. Ein kan òg vedta ein familiekontingent i idrettslaget, som ei rabattordning. Det er ikkje eit felles medlemskap for heile familien, men eit eige medlemskap for kvart enkelt familiemedlem. Alle skal registrerast med namn, fødselsdato, adresse og e-postadresse.

Treningskontingent

Treningsavgiftene vert fastsett av årsmøtet eller årsmøtet gir gruppestyra fullmakt til å fastsette treningsavgiftene for gruppa si aktivitet (jf. § 15 (7) i lovnorma). Årsmøtet kan fastsette ei øvre grense på storleiken på treningsavgifta. Dersom medlemskontingenten vert kravd inn saman med treningsavgifta, skal begge vere spesifisert på fakturaen.

Aktivitetstilbod i idrettslaget

Oppdatert oversikt over treningstider og partiinndeling i Fusa Karateklubb er på heimesida til klubben: <https://www.fusakarateklubb.com/treningstider/>

Ved avslutning av kvart treningshalvår(Juni og desember) arrangerer klubben treningssamling og gradering for medlemene i klubben.

Barneidrett

Alle som har ansvar for barn eller er trenarar for barn, skal kjenne til idretten sine barnerettigheter og bestemmelsar om barneidrett. All aktivitet for barn skal leggest opp slik at idrettslaget følger intensjonane i retningslinjene og bestemmelsane. Det inneber at

- aktiviteten skjer på barna sine premissar
- barna har det trygt
- barna har venner og trivast
- barna opplever meistring
- barna får påverke eigen aktivitet
- barna kan velje kva og kor mange idrettar dei vil delta i
- barna kan velje om og kor mykje dei vil konkurrere

Les meir

[Idretten sin barnerettigheter og bestemmelsar om barneidrett](#)

Ungdomsidrett

Alle som er trenarar for ungdom i idrettslaget, skal kjenne til retningslinjene for ungdomsidrett. Idrettslaget og trenarane skal sørge for

- at ungdom kan bli så gode som dei sjølv vil
- å legge til rette både for dei som vil konkurrere, og dei som ikkje ønskjer å konkurrere
- at ungdom får vere med på å bestemme over eigen aktivitet
- at ungdom får bidra med det dei kan
- at ungdom får utdanning eller kurs for å utvikle seg
- at treningsavgifta er overkommeleg for ungdom

Les meir

[Retningslinjer for ungdomsidrett](#) frå Norges Idrettsforbund

Funksjonshemma

Fusa Karateklubb bidreg til idrettsskule for funksjonshemma saman med andre idrettslag i kommunen. Timeplan vert administrert av kommunen. Instruktørane rullerer på å ha ansvar for denne treninga.

Les meir:

Informasjon om [Idrett for funksjonshemma](#) frå Norges Idrettsforbund

Klubbdrift

Økonomi

Det er styret som har det overordna økonomiske ansvaret for idrettslaget sin økonomi. Det inneber at styret har ansvar for at:

- idrettslaget sine midlar brukast og forvaltast på ein forsiktig måte
- idrettslaget har ein tilfredsstillande organisering av rekneskaps- og budsjettfunksjonen
- idrettslaget har ei forsvarleg økonomistyring

Styret kan delegere oppgåver knytt til den daglege oppfølginga av økonomien til idrettslaget sin daglege leiari. Den daglege leiaren kan delegere arbeidsoppgåver knytt til den løpande bilagsføringa og ajourhald av rekneskapen til rekneskapsføraren/kasseraren.

Styret sine oppgåver knytt til rekneskap og økonomi:

- Styret skal sikre at det er ei forsvarleg ansvarsdeling knytt til rekneskap og økonomistyring. Det skal utarbeidast ei fullmakts matrise og ei tydeleg rolleavklaring. ([forslag til fullmakt matrise](#))
- Styret skal utarbeide eit realistisk budsjett.
- Styret skal sikre at rekneskapen førast fortløpande.
- Styret skal sikre at idrettslaget har ein eigen bankkonto.
- Styret skal sørge for at det krev to signaturar i banken.
- Styret skal sørge for at idrettslaget har teikna underslagsforsikring.
- Styret skal sørge for at idrettslaget har valt revisor (eller engasjert revisor og kontrollkomité når over 5 millionar i årleg omsetnad).

Idrettslaget bør utarbeide ei eiga økonomihandbok og tilpasse den til laget si storleik. Sjå <https://www.idrettsforbundet.no/idrettskretser/sogn-og-fjordane-idrettskrins/idrettslag/organisasjon/>

Informasjon og nyttige tips om [klubbøkonomi](#)

Forsikring

Alle barn som er medlemmar av lag tilslutta NIF, er forsikra gjennom Norges Idrettsforbund fram til den datoen dei fyller 13 år.

<https://www.idrettsforbundet.no/klubbguiden/forsikring/>

Politiattest

Idrettslaget krev politiattest av alle tilsette og frivillige (over 15 år) som skal utføre oppgåver for idrettslaget som inneber eit tillits- eller ansvarsforhold ovanfor mindreårige eller menneske med utviklingshemming. Med mindreårige meinast barn og unge under 18 år.

Det er to viktige overordna grunnar til at norsk idrett har innført ei ordning med politiattest:

1. Seksuelle overgrep mot barn er totalt uforeineleg med idretten sitt verdigrunnlag.
2. Norsk idrett skal vere ein trygg stad å vere for barn, og ein trygg stad for foreldre å sende barna sine.

Idrettslaget sitt hovudstyre skal nemne opp ein person som er ansvarleg for politiattestar, samt ein vararepresentant. Oppnemninga av de to representantane skal skje i eit styremøte og det må protokollerast.

Anlegg

Klubben har trening i Fjorden Arena, Eikelandsosen og Fusa Samfunnshus, Fusa.

Kommunikasjon

Kommunikasjon med medlemmer skjer ved hjelp av sms-tenesta i IMS, Facebook og heimesida til Klubben

Sikkerheitsarbeid (HMS)

Idrettslaget har ansvar for sikkerheit for medlemmar og andre som kjem i kontakt med idrettslaget på arrangement, på dugnadar, under reiser og under opphald i idrettslaget sine lokale og anlegg. Det bør beskrivast rutinar for arrangement, reiser, dugnadar m.m.

Idrettslaget bør ta inn krisehandteringsplanen idrettskrinsen har utarbeida:

<https://www.idrettsforbundet.no/idrettskretser/sogn-og-fjordaneidrettskrins/idrettslag/kri/>

Årshjul

Årlege faste oppgaver for styret og gruppestyra.

Januar	Instruktørmøte for å fastsetje timeplan for vårsemester. Fastsetje dato for årsmøtet.
Februar	
Mars	Årsmøte
April	Idrettsregistrering og søknad om momskompensasjon. Søke om hallplass i Fjorden Arena
Mai	
Juni	Treningssamling/gradering
Juli	Ferie
August	Instruktørmøte for å fastsetje timeplan for haustsemesteret
September	
Oktober	
November	
Desember	Treningssamling/gradering